



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 09.12.2025
Tid: Kl. 09:00 - 12:00

Følgande medlemmer møtte	Parti
Valen, Øyvind	AP
Årvik, Mats	FRP
Haraldseid, Modolf	H
Nesheim, Therese	H
Fosse, Gustav Løge	KRF
Monica Nesheim	SP
Nina Karin Ramsfjell	SP
Ole Johan Vierdal	SP

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Anna Klette Steinsland	VILI	Sandsgård, Tormod	VILI

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside og i Grannar og i H-avis
Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 01.12.25.

Møtet vart vist på Kommune-Tv

Møtet vart leia av ordførar Ole Johan Vierdal.

Frå administrasjonen:

Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen hadde forfall, Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst, gjekk inn som kommunedirektør på dete møtet.

Vegard Bang, kommunalsjef økonomi

Halfdan Krohn Brekke, kommunalsjef samfunnsutvikling

Ingebjørg Rullestad Gjerde, kommunalsjef organisasjon

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse

Frode Eike, prosjektleiar

Anne Sofie Sandvik, rådgjevar

Anne Mette Klungland, politisk sekretariat.

Presse: Grannar

Innkalling: Ingen merknad

Saksliste: Øyvind Valen (AP) kom med ønske om ei orientering om Haugaland Vekst frå ordføraren

under orienteringar.

Merknader til innkallinga: <FYLL INN>

Merknader til sakslista: <FYLL INN>

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: <FYLL INN>

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
096/25	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
097/25	Referatsaker
098/25	Orienteringssaker
099/25	Innspel til KS debathefte 2026
100/25	Revidert Språkbruksplan 2025
101/25	Høyringsvar - Fylkesdelplan for regional utvikling, areal og mobilitet - Vindafjord kommune
102/25	Spørsmål til administrasjonen

096/25 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valt til å signere møteprotokoll

09.12.2025 Formannskapet

Behandling

Ordførar fremma forslag om Tormod Sandsgård (VIL) og Gustav Løge Fosse (KrF) til å godkjenne og signere møteprotokoll.

Dette blei samrøystes vedtatt.

FS - 096/25 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokoll vart desse valt:

1. Ole Johan Vierdal (Sp), møteleiar
2. Tormod Sandsgård (VIL)
3. Gustav Løge Fosse (KrF)

097/25 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

09.12.2025 Formannskapet

Behandling

Ingen referatsaker

FS - 097/25 Vedtak:

.

098/25 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

09.12.2025 Formannskapet

Behandling

Frode Eike - Større investeringar

Einingsleiar Thomas Vestbø – Status plansaker

Halfdan Krohn Brekke - Bustadstrategi

Ordførar Ole Johan Vierdal orienterte om utviklinga i Haugaland Vekst.

Terje Blindheim - Biofokus - om kartlegging av naturmangfald i Vindafjord Kommune

FS - 098/25 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

099/25 Innspel til KS debatthefte 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek KS sitt debatthefte til vitande i denne omgang. Saka vert lagt fram på nytt for vedtak i møte i formannskapet februar 2026.

09.12.2025 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

FS - 099/25 Vedtak:

Formannskapet tek KS sitt debatthefte til vitande i denne omgang. Saka vert lagt fram på nytt for vedtak i møte i formannskapet februar 2026.

100/25 Revidert Språkbruksplan 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Språkbruksplanen vert vedtatt slik den ligg føre.

09.12.2025 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

FS - 100/25 Vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Språkbruksplanen vert vedtatt slik den ligg føre.

101/25 Høyringsvar - Fylkesdelplan for regional utvikling, areal og mobilitet - Vindafjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Høyringsvar til planprogram for Fylkesdelplan for regional utvikling og mobilitet (FRAM) blir sendt til Rogaland Fylkeskommune.

09.12.2025 Formannskapet

Behandling

Tilleggsforslag frå Øyvind Valen (AP):

Formannskapet støtter høyringsforslaget som kommunedirektøren har lagt fram, men ber om at følgjande moment blir innarbeidd før innsending:

- Gje støtte til fylkesutvalet sitt moment om fylkesveg i punkt 5.3
- Noko om at mindre grender har ei eiga verdi i kommunar med spreidd busetnad. Planen bør ta høgde for å leggja til rette for at desse blir levedyktige. (5.2 utredning)æ
- Samspelet mellom ETNE og Vindafjord er viktig. Samarbeidet mellom dei to planane i Vestland og Rogaland blir difor viktig for kommunen. Den felles arbeidsmarknaden bør visast i planen

I tillegg ber ein om at det blir vurdert om synspunkt blir kort oppsummert i starten eller slutten av høyringsuttalen.

Tilleggsforslag frå Mats Årvik (FrP):

Formannskapet støtter høyringsforslaget som kommunedirektøren har lagt fram, men ber om at følgjande moment blir innarbeidd før innsending:

- Presiser at kommunene skal ha størst mulig handlingsrom i arealsaker, og at FRAM må være overordnet og veiledende, ikkje ein detaljert "kommunal arealplan på fylkesnivå".
- Påpek at økonomisk bærekraft, arbeidsplasser og innbyggernes kostnader må likestilles med miljøhensyn – ikkje ligge som noko sekundært.
- Dei regionale kartene blir grovmaskede og fleksible, og at detaljer hører hjemme i kommuneplanens arealdel.
- Kjernekraft tas med som mulig energiløsning.
- Det skal legges til rette for tilstrekkelig nye næringsarealer i hele fylket, også langs vei og ved havner, og ikkje bare i knutepunkter

Votering:

Vindafjord kommune ber om ny høyringsfrist i denne saka.

Kommunedirektør lagar eit revidert høyringsutkast som skal behandlast i neste møte i formannskapet. Punkta som er foreslått av Øyvind Valen og Mats Årvik blir innarbeida i revidert høyringsutkast.

Dette forslaget til vedtak vart samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

FS - 101/25 Vedtak:

Vindafjord kommune ber om ny høringsfrist i denne saka.

Kommunedirektør lagar eit revidert høringsutkast som skal behandlast i neste møte i formannskapet. Punkta som er foreslått av Øyvind Valen og Mats Årvik blir innarbeida i revidert høringsutkast.

102/25 Spørsmål til administrasjonen

09.12.2025 Formannskapet

Behandling

Ingen spørsmål

FS - 102/25 Vedtak:

.